



Den sensasjonelle plakaten

Uskedelingane er ikkje spesielt lettluurte.
Det må vera konklusjonen etter 1. april 2011 og SPARs
kreative freistnad på å lura kundene sine

**- vel å merka på godmodig vis.
Her er det som gjekk føre seg:**

Tidleg på dagen kom det ein oppsiktsvekkande plakat opp på døra. Den kunngjorde at husorkesteret til SPAR skulle gje ein minikonsert i butikken klokka 17. Kjersti skulle spela gitar, Inger piano og Kari traktera trommene. Vigdis skulle spela fløyte og Gunn Mari syngja.

Dette var i og for seg ikkje så usannsynleg, men så kom ein informasjon som det var god grunn til å ta med ei klypa salt: Hjørdis, butikkens grand old lady, skulle dansa magedans!

Korleis var så responsen frå eit potensielt publikum? Den var ikkje der. Dei svært få som var i butikken klokka 17 forsikra oss om at dei var der for å handle. Det må vi godta og konklusjonen er klar: I denne bygda skal det meir til for å lura folk. Men spøken var morosam den, Gunn Mari! No ser vi berre fram til at det vert gjort ålvor av han!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Mini

KONSERT

(i BUTIKKEN)

~~1 DAG KK 17⁰⁰~~

SPAR SITT HUSORKESTER :

- KJERSTI - GITAR
- INGER - PIANO
- KARI - TRONNER
- VIGDIS - FLØYTE
- GUNN MARI - SANG
- HJØRDIS - HAGEDANS

VELKOMEN

APRIL-APRIL
U

